



## Referat

**Utval:** Fitjar sokneråd  
**Møtestad:** Kyrkjekontoret  
**Dato:** Torsdag 18. oktober 2018  
**Tid:** Kl. 18.30  
**Møtenr.:** 8/2018

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskild innkalling.

## **Faste medlemmer som har møtt:**

Namn	Funksjon
Sigrid Marie Fangel	Leiar
Gunnvald Aarbø	Nestleiar
Helga Olsen Aadland	Medlem
Terje Havro	Medlem
Bodil Nesse	Medlem
Rasmus Fitjar	Medlem
Roald Drønen	N.B. Ord for dagen Sokneprest

Harald Rydland Kyrkjeverje, kom til sak 52 etter sak 53

Forfall:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Mette E. Lambach	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem
Sigurd Andre` Maraas	Kommunal representant

## **Varamedlemmer som møtte:**

---

<b>Namn</b>	<b>Namn</b>
Peder Rygg Drønen	1 varamedlem

#### Varamedlemmer som ikke møtte:

<b>Namn</b>	<b>Namn</b>
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Åse Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem
Svein Arne Theodorsen	Vara for soknepresten
Agnar Aarskog	Vara for kommunal representant



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

**Sakliste:**

**Saksnr. Tittel**

**Sak for kommunal  
representant**

- |         |   |
|---------|---|
| S-52/18 | Nominasjonskomite for kyrkjevalet 2019  |
| S-53/18 | Gudstenesteliste for første halvår 2019 |
| S-54/18 | Arrangement i kyrkja sin regi           |
| S-55/18 | Referat frå sist møte                   |
| S-56/18 | Meldingssaker                           |
| S-57/18 | Open post                               |

**Sak 53/18 vert teke før sak 52/18**

**Sak 53/18: Gudstenesteliste for første halvår 2019**

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet sluttar seg til dei tankane som soknepresten har lagt fram når det gjeld gudstenestene første halvår 2019. Rådet ber om at dei innspela som kom fram i møtet vert teken med i det vidare arbeidet. Planen for gudstenester og kyrkjeoffer skal stadfestast endeleg av soknerådet på siste møte dette året.

**Behandling i Fitjar sokneråd 18. oktober 2018:**

Soknepresten har no laga utkast til gudstenesteliste for første halvår 2019. Presten ynskjer innspel frå soknerådet tidleg i prosessen. Soknepresten ynskjer at fleire deltek i gudstenesta, til dømes konfirmantar og anna ungdom. Sokneprest og sokneråd vart einige om å vurdera nokre ungdomsgudstenester og gudstenester på tvers av trusamfunn i løpet av kyrkjeåret. Soknerådet hadde ei god samtale med den nye soknepresten om gudstenesteplanen.

**Vedtak (samrøystes):**

Som framlegg.

**Sak 52/18: Nominasjonskomite for kyrkjevalet 2019**

**Framlegg til vedtak:**

Dei kandidatane som vart nemnde i møte, skal fram mot neste møte spørjast om dei er villige til å vera vera med i nominasjonskomiteen for soknerådsvalget. Oppnemning av komiteen skal gjerast på neste soknerådsmøte.

**Behandling i Fitjar sokneråd 18. oktober 2018:**

Kyrkjevalet for 2019 skal haldast den (8.) og 9. september. Soknerådet har ansvar for å leggja til rette for valet. Fyrst må ein ha oppnemnd nominasjonskomité innan neste møte. I møtet fekk ein forslag på namn til personar som ein kan spørja om å vera med i nominasjonskomiteen og kven som skal spørja dei. Frist for å registrera nominasjonskomite`er 2. januar 2019.

**Vedtak (samrøystes):**

Dei kandidatane som vart nemnde i møte, skal fram mot neste møte spørjast av Per Drønen og Rasmus Fitjar om dei er villige til å vera med i nominasjonskomiteen for soknerådsvalget. Oppnemning av komiteen skal gjerast på neste soknerådsmøte.



**Sak 54/18: Arrangement i kyrkja sin regi**

**Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding til vedtak i saka.

**Behandling i Fitjar sokneråd 18. oktober 2018:**

**Arrangement som er gjennomført:**

- Avskjedsgudstenesta for Fridleif Lydersen med pizza og kaker vart ei god avslutning.
- Innsettsgudstenesta for Roald Drønen og utdeling av 4. års boka med pizza vart og vel motteken.
- Laurdag med 4. åringane gjekk fint fordi ein hadde eit godt opplegg.

**Arrangement som skal gjennomførast:**

- Helgegudstenesta 4. november 2018 har diakoninemnda planlagd. Det vert muleg å kjøpa middag med kaffi og kaker rett etter gudstenesta på Bedehuset. Invitasjon er sendt til pårørande for dei personane som vart gravlagd sidan forrige helgegudsteneste i 2017.
- Internasjonal helg vert 4. november 2018 kl. 16 i Kulturhuset. Kyrkja er og invitert til å presentera sine aktivitetar. Kvar får 3-5 min. presentasjonstid og kan nytta Powerpoint og faldalar. Sigrid og Helga vil arbeida vidare med presentasjonen.
- TV-aksjonen har nok bøssebærarar.
- Ynskjekoncert i kyrkja vert torsdag 15. november 2018 kl. 19.30. Publikum kan ynskja salmar som organisten spelar. Dei kan og fortelja kvifor dei ynskjer nettopp denne salmen

**Vedtak (samrøystes):**

Soknerådet tek meldingane om arrangement i kyrkja sin regi til orientering.

**Sak 55/18: Referat frå sist møte**

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 20. september 2018.

**Behandling i Fitjar sokneråd 18. oktober 2018:**

Referatet frå møte den 20. september 2018 har medlemene fått tilsendt og godkjent tidlegare. Referatet er lagt ut på heimesida til Fitjar kyrkje.

**Vedlegg (samrøystes):**

Som framlegg.

**Sak 56/18: Meldingssaker**

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet tek meldingane til orientering

**Behandling i Fitjar sokneråd 18. oktober 2018:**

I møtet vart det orientert om desse sakene:

1. **Inspirasjonssamling for sokneråd i Bjørgvin bispedøme, påmelding**  
Inspirasjonssamlinga vert laurdag 17. november 2018 i Knarvik. Soknerådsleiar Sigrid Fangel sender felles påmelding innan 14. november.
2. **Prostidag i Sveio, påmelding**  
Prostidagen er torsdag 25. oktober 2018 kl. 16.15 for soknerådsmedlemmene. Kyrkjeverje Harald Rydland sender felles påmelding innan 19. oktober.



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

3. Arbeidet i kyrkjestova

Arbeidet i kyrkjestova har god progresjon og mange gode hjelparar.

**Sak 57/18: Open post**

'Band- kroken' v/ Terje Havro

Terje minner soknerådet om at Sindre Aarbø ynskjer ein plass for trommer og gitarar i kyrkja når eit band skal spela til dømes på ungdomsgudstenester. Han stiller spørsmål om «Gjer vi noko med det?», «Kven skal bruka det?» og «Bør kyrkja eiga eit slagverk eller leiga frå til dømes Bedehuset?» Soknerådet ynskjer å ha organisten og eventuell dei som har ansvar for bandet på Bedehuset med i ein samtale om dette.

FamilieKRIK v/Helga O. Aadland

Johannes Olsen har tatt kontakt med hennar mann André Olsen Aadland om å starta familieKRIK eit par sundager etter familiegudstenestane i semesteret. Soknerådet ser positivt på eit slikt arrangement og håper å verta informert om korleis det utviklar seg.

Budsjett v/Sigrid Fangel

Ein ynskjer god dialog med kommunen, og ein må argumentera sakleg om den økonomiske ramma til kyrkja. Soknerådet må vera førebudd på at kommunen kan redusera kyrka sitt budsjett sidan dei slit med eige budsjett.

Ein vil venta med å diskutera bruken av kyrkjelydsprestfondet til ein har hatt ein god prosess med gjeverane til dømes i eit soknemøte samtidig med årsmøte våren 2019.

Fitjar festivalen v/Harald Rydland

Fitjar festivalen ynskjer kandidatar til styret.

Bord eller hyller v/Per Drønen

Han meiner at presten treng eit bord eller hyller framme i kyrkja til å leggja frå seg papir og bøker under preika og dåpshandlinga.

Annonser til kyrkjebladet v/Harald Rydland

Han ynskjer fleire lokale annonsørar til kyrkjebladet. Det kom nokre forslag i møtet på bedrifter ein kan spørja. Soknepresten skal ta kontakt med ein av dei.

**Signering:**

**Sekretær** .....

**Leiar** .....